



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Gunnar Skoge
Svartefjell 1
4625 FLEKKERØY

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/260 - 17/3282

Saksbehandlar:
Andreas Granli
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:
10.03.2017

Søknad om godkjenning av vald/ending av vald - Grindheim vald nr 10 - Godkjenning

Radøy kommune har motteke søknad om godkjenning/ending av valdgrense for hjortevald nr 10 «Grindheim». Det er søkt om godkjenning av 1615 dekar teljande areal samt 124 dekar anna areal som grunnlag for fellingsløyve. Etter gjennomgang av arealet finn landbrukskontoret at 1696 dekar kan reknast som grunnlag for fellingsløyve. Jaktretten ligg til grunneigar, jamfør *Lov om jakt og fangst av vilt § 27*, og dei aktuelle grunneigarane har underteikna søknadsskjema. Grunneigedommane i valdet grenser opp mot kvarandre og oppfyller kravet til samanhengande areal, jamfør *Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever § 8*.

Landbrukskontoret har vurdert søknaden og arealet, søknaden vert godkjent med heimel i *Forskrift om forvaltning av hjortevilt og bever § 11*, og teljande areal vert satt til 1696 dekar.

Godkjend søknad ligg ved.

Med helsing

Andreas Granli
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjend vald Grindheim

Mottakarar:

Mottakarar:
Gunnar Skoge

Svartefjell 1

4625

FLEKKERØY